



OPPVEKSTPROFIL 2023

ÅL KOMMUNE

Trekk frå oppvekstbarometeret for Ål kommune syner at det er:

Utfordringar som rettar i positiv retning:

- Færre barn i familiar som mottar sosialhjelp (3 %) enn i fylket (5,2 %) og landet samla sett (5,7 %).
- Færre barn i alderen 0-17 år som bur trongt (16 %) enn landet samla sett (18 %).
- Færre barn av einslege forsørgjarar (13,1 %) enn i fylket og landet samla sett (14,7 %).
- Færre unge som står utanfor, 15-24 år, som ikkje er i arbeid, utdanning eller opplæring (4,6 %) enn i fylket (7,7 %) og landet samla sett (7,4 %).
- Unge 15-24 år med psykiske symptom/lidingar (121 av 1000) er færre enn landet samla sett (166 av 1000)

Ål er blant dei 10 beste kommunane i landet på følgjande:

- Ungdommar som har dagleg skjermtid over 4 timer, utanom skulen (37 %) ligg betre enn landet samla sett (49 %)
- Ungdommar som plagast ganske mykje eller veldig mykje av søvnproblem (20 %) er færre enn landet samla sett (31 %)
- Alkohol, har drukke så mykje at de har kjent seg tydeleg rusa en gang eller meir i løpet av det siste året (7,3 %). Mindre enn landet samla sett (13 %).

Kommentar:

Det må merkast at gjennomsnittlege verdiar kan innebere ei folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå.

Utfordringar som rettar i negativ retning:

- Færre trivst på skulen i 7. trinn (75 %) enn i fylket (87 %) og landet samla sett (86 %). Nedgang på 5 % frå 2022.
- Fleire opplever å bli mobba i 7. trinn på skulen (11 %) enn i fylket (7,1 %) og landet samla sett (7 %). Auking på 2,6 % frå 2022.
- Krav til grunnbemanning og pedagogisk bemanning i barnehage er i mindre grad oppfylt (62 %), enn i fylket (90 %) og landet samla sett (92 %).
- Lågare nivå på leseferdigheiter (32 %) i 5. trinn enn i fylket (21 %) og landet samla sett (23 %). Auking på 8 % frå 2022.
- Gjennomsnittleg grunnskulepoeng er på 40,7 og er lågare enn i fylket og landet samla sett på 43,3 poeng. Nedgang på 1,5 poeng sidan 2022.

Kommentar:

På desse utfordringane ligg Ål kommune dårlegare an enn landet samla sett og har hatt ei negativ utvikling over tid. Det er fleire utfordringar i kommunen enn det som vart trekt fram her. Dei utfordringane som vart trekte fram her har fått «raude» verdiar og ligg dårlegare an enn landet samla sett.

Last ned heile oppvekstprofilen her:

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#)

Oppsummering av Oppvekstprofilen 2023

Årets tema er “Vegen til barn og unge gjennom pandemien”

Pandemien har vist at samfunnsmessige endringar rammar barn og unge ulikt, avhengig av deira eigenskapar, ressursar og livsvilkår. Dette er viktig kunnskap når kommunane skal planleggja for best moglege oppvekstvilkår for barn og unge framover.

Oppvekstprofilen kan nyttast i helsefremmande og førebyggjande arbeid for barn og unge, der me kan bruke tilgjengelege data til å bevisstgjere, avgjere og velje fokusområde på alle nivå i kommunen.

Kva har me lært av pandemien?

I perioden frå mars 2020 til februar 2022 vart det sett i verk fleire nasjonale og regionale tiltak for å bremsa spreiring av SARS-CoV-2 viruset. Dette førte til periodar med stengde skular, stopp i organiserte fritidsaktivitetar og eit generelt krav om avgrensingar i sosial omgang med andre.


Kva veit me om korleis pandemien og tiltaka har påverka barn og unge?

Skuleferdigheitene:

- Dei grunnleggjande skuleferdigheitene til elevane har ikkje endra seg vesentleg under og etter pandemien. Det var ingen nedgang i talet på elevar som fullførte vidaregåande skule, og ingen auke i andelen som ikkje fekk bestått i faga sine.

Organiserte fritidsaktivitetar:

- Dei seinare åra har stadig færre ungdommar delteke i organiserte fritidsaktivitetar.
- I 2021 vart det rapportert eit ytterlegare fall i deltakinga. Samtidig såg me ein auke i skjermtid, og auke i uorganiserte fritidsaktivitetar og trening på eige hand.



Figur 1: Fritid og helse i kommunen. Tal frå 2020 er frå før pandemien, tal for 2022 er frå etter restriksjonane*. (Kjelde: Ungdata)

Økonomi:

- Økonomien i barnefamiliane vart ikkje dårlegare under det første pandemiåret. Unge frå familiar med låg inntekt og unge med innvandrarbakgrunn opplyste likevel at dei var meir bekymra for økonomien til familien under pandemien.

Psykisk helse og trivsel:

- Dei fleste ungdommane har kome seg gjennom pandemien på ein god måte, trass i ein liten forbigåande auke i **psykiske plager og en liten nedgang i livskvalitet**. Etter pandemien er ungdommar flest tilbake i sitt vanlege liv utan store negative konsekvensar eller påkjenningar.
- Andelen 7. klassingar som opplever å bli mobba har derimot økt både under og etter pandemien.
- Pandemien har påverka barn og unges psykisk helse ulikt, noko som kan skyldast skilnader i dei unges eigenskapar, ressursar og livsvilkår
- Enkelte unge med psykiske vanskar før pandemien rapporterte om en forbigåande betring under pandemien. Det kan ha samband med heimeskule, mindre sosialt press og generelt meir ro som kan ha ført til en symptombetring.
- Samtidig økte tilvisingar til barne- og ungdomspsykiatrien langt meir under og etter pandemien enn i perioden før.
- Dette kan tyde på at for andre sårbare grupper har pandemien vært en utløyssande eller forsterkande faktor for psykiske vanskar og lidingar.

Kven vart mest utsett?

Pandemien ramma ulikt, dei mest sårbare barna er dei som blei råka mest. Som barn i familiar med låg inntekt, barn i familiar med vald eller høgt konfliktnivå, barn med store hjelpebehov, einslege flyktningar og andre utsette grupper med lite sosialt nettverk.

Kva kan Ål kommune gjere?

Kommunane har ei rekkje verkemiddel for å betra forholda til barn og unge. Dette inkluderer generelle tiltak som kjem alle til gode, og målretta tiltak for barna og familiarne med dei største utfordringane:

- Lage plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, som inneber samordning av tenestetilbodet for barn og familiar.
- Legge til rette for eit godt og trygt læringsmiljø på skulen.
- Bidra til at det finst organiserte fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle barn og unge, uavhengig av ressursane til foreldra.
- Sikre psykisk helsehjelp til barn og unge.
- Gi tilbod om rettleiing til foreldre i utsette familiar.
- Bidra til at foreldra får ein betre og meir føreseieleg økonomi.

Forslag om tiltak retta mot barn og familiarne deira finst på www.kunnskapombarn.no

Kontakt som gjeld folkehelse:

Hege Malene Ulstein

Folkehelsekoordinator

Plan og utvikling

Tlf: 475 03 995

Epost: hege.malene.ulstein@aal.kommune.no